

# SNART SKULESTART!

## *Sunde skule*



*På same lag!*



## VELKOMEN TIL SUNDE SKULE

Til hausten er det ditt born sin tur til å starte på Sunde skule. I dette heftet finn du informasjon om kva som vil skje fram til skulestart, og kva for tilbod som ventar når eleven startar.

Visjonen til Sunde skule er «På same lag!» Heim-skule samarbeid er viktig for å skape eit godt miljø for borna. Eit positivt læringsmiljø er prega av omsorg, ansvar og respekt. Det er skulen sitt ansvar i samarbeid med føresette å utdanne born til å bli

gode samfunnsborgarar. Vi er ein skule som jobbar med å fornye og utvikle eigen praksis i møte med framtida, samstundes som vi ynskjer å knyte band til vår lokale historie.

*Vi gler oss til å få nye elevar!*



Vi fortsetter fremover, åpner  
nye dører og gjør nye ting fordi  
vi er nysgjerrige, og  
nysgjerrighet leder oss på nye  
veier.

-Walt Disney




## SKOLESTART

### INFORMASJON OM RUTINER OG RETTIGHETER...

- Skulen hentar inn informasjon om nye elevar gjennom Visma for dei som er folkeregisterregisterert i Sunnfjord kommune.
- Foreldre har tilbod om å nytte gymsalen på skulen siste året før skulestart.
- I mars får foreldre brev om at barnet er registrert ved skulen vår. Foreldre må gå inn i Visma og legge inn opplysningar, søke SFO-plass og laste ned appen.
- I april vert foreldre invitert til foreldremøte.
- Barnehagen overfører nødvendig informasjon til skulen, til det beste for barnet, og i samarbeid med foreldre. Dette skjer skriftleg på eige overgangsskjema, i tillegg har vi overføringsmøter.
- Born med særskilte behov vert tatt i vare gjennom tidlig samarbeid med barnehage, føresette og skule.
- Det er innskriving i slutten av april og førskuledag i mai.
- Barnehagane får tilbod om å kome på besøk til skulen.
- Foreldre og elevar kan besøke SFO ein ettermiddag.

#### RETEN TIL Å GÅ PÅ EIN SKULE

Alle born og unge har rett og plikt til å gå på ein skule frå det året dei fyller 6 år og går ut av tiande klasse. Dei har rett til opplæring gjennom den offentlege grunnskulen, eller gjennom at føresette ivaretak opplæringa sjølv. Føresette kan straffast med bøter dersom eit born vert heldt vekke frå den pliktige opplæringa. Barnelova strekar under at det er foreldra sitt ansvar å sørge for at borna får opplæring.



## SAMARBEID

HEIM-SKULE, HEIM-HEIM, HEIM-SFO

### FORELDREMØTER

Skulen arrangerer foreldremøte ca to gonger i året. Det er klassekontaktane i lag med kontaktlærar som planlegg tema. Vi pleier å halde eit foreldremøte på 1.trinn veldig kort tid etter oppstart.

de er bekymra for må de snarast ta det opp med lærar. Då kan ein fort få svar eller saman finne løysningar slik at bornet får ein best mogleg oppleving av skulen.

*«Gjer bornet trygg på at skulen er ein god stad å vere!»*

### UTVIKLINGSSAMTALAR

Alle foreldre har rett til ein strukturert samtale med lærar, minst to gonger i året. Her skal det informerast om eleven sin faglege og sosiale utvikling. Ein viktig del av samtalen handlar om korleis heim og skule kan støtte oppunder eleven si vidare utvikling. Bornas synspunkt og medverknad skal være med i utviklingssamtalane.

Ikkje vent til elevsamtalen med å ta opp ting. Dersom de har spørsmål, negative opplevingar, utfordringar eller andre ting

### FORELDRERÅD/FAU

Alle foreldrene med born på skulen er medlem av foreldrerådet (FAU). Dette organet skal ivareta foreldra si interesse og sørge for at dei er medverkande i skulen sitt arbeid med eit godt skolemiljø.

På foreldremøtet vert det valgt ein representant fra 1.trinn inn i FAU og ein klassekontakt.





## KLASSEKONTAKT

Kvar klasse skal ha ein klassekontakt som er foreldra sin kontaktperson overfor skulen. Denne har ansvar for å lage felles arrangement for elevar og foreldre.

## SKULEMILJØUTVALG OG SAMARBEIDSUTVALG

Representantar fra foreldrerådet, elevrådet, ansatte, skuleleiing og kommune, sit i desse to utvala. I skulemiljøutvalet skal elevar og føresette vere i fleirtal. Dei har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder skulemiljøet og er med å fatte ein del bestemmelsar som skal gjelde for skulen.

## SKULE-SFO-HEIM KONTAKT

Det er viktig med god informasjonsflyt.

Skulen bruker Visma som kommunikasjon med heimen. Her kan foreldre logge inn via nettside og ein digital app. Fravær skal meldast her. Vi treng informasjon på morgenon(før 08:15) kvar dag eleven er fraværande.

På SFO kan det oppretta eigne avtalar om barnet skal gå heim aleine.

Har de informasjon /endring i avtaler med SFO, må desse beskjedane sendast på Visma før kl 10:00. Etter denne tiden, må de ringe SFO på 45975238

På neste side finn de verdidokumentet for skule-heimsamarbeid for Sunde skule. Dette er utarbeidd av foreldregruppa og dei tilsette i lag.

## MAT OG DRIKKE

Sunn niste er viktig! Borna treng påfyll av energi. På skulen et dei fyrste måltidet ca kl 10.30. På SFO et dei mat ca kl 14.10. For dei som har morgen-SFO er det mogleg å ete medbrakt frukost der.

De kan bestille mjølk på

[www.skolelyst.no](http://www.skolelyst.no)



For å få eit godt klasse-og skulemiljø er foreldra sitt engasjement heilt avgjerande

# Samarbeid

## Sunde skule - heim



### INKLUDERING

- Omtal skulen, elevar, tilsette og skulearbeid positivt!
- Bry deg om at alle elevane i klassen har nokon å vere saman med på fritida.
- Nei til mobbing! Lær borna å vise omsorg for kvarandre – inkluder alle!
- Ser ein trendar som går i negativ retning (t.d. på sosiale media, fritida eller på skulen), må dette takast raskt tak i.

### DIALOG OG RELASJON

- Bruk Visma (APP) i kommunikasjon med skulen
- Ta kontakt med skulen når det er noko de er bekymra for, i tvil om eller usamde i. Skulen skal ha låg terskel for å gje tilbakemelding til foreldre.
- Tilsette skal ha eit godt og nært forhold til både born og føresette- og møte dei ulike behov og føresetnader ein har.
- Ha låg terskel for å ta kontakt med andre foreldre når det oppstår noko mellom borna. Ver imøtekommende og lytt til kvarandre. Finn ei god løysing saman og følg dette opp.
- Gje skulen informasjon om hendingar som kan påverke eleven eller klassemiljø.

### DELTA OG ENGASJER DEG!

- Delta på sosiale klasse- og skulearrangement.
- Bidra til å skape eit inkluderande klassemiljø. Arranger sosiale aktivitetar på fritida der alle får tilbod om å vere med.
- Engasjer deg på foreldremøte og utviklingssamtaler. Samarbeid med skulen når det gjeld eleven si faglege og sosiale utvikling og følg dette opp.
- Les og følg opp vekeplan o.a. skriv frå skulen.

### NETTVETT

- Utarbeid felles reglar/haldningar for nett- og mobilbruk, film og spel på foreldremøte i starten av skuleåret. Følg dette opp i heimane. Respekter aldergrenser.



På same lag

# TIDLEG INNSATS

Skulen har gjort ei rekke tiltak for å skape tryggleik og auke læringsutbyttet når borna er små.

## Overgang barnehage – skule

Systematiserte rutiner for at alle born skal oppleve ein best mogleg overgang fra barnehage til skule.

## Fokus på lesing, skriving og språkstimulering

Lesing og skriving er noko vi meiner ligg heilt til grunn for læring. I tillegg er det viktig at elevane får eit rikt ordforråd for å seinere kunne tolke og forstå det dei les.

Skulen bruker tid på å kartlegge og følgje med på elevane sin språk-, lese- og skriveprogresjon for å kunne tilpasse undervisninga til det enkelte barnet. Den innsatsen de foreldre gjer heime med tanke på skape nysgjerrigkeit, stille spørsmål, snakke om ord og lese med barnet, er av avgjerende betydning for borna si faglege utvikling.

## Fokus på sosiale ferdigheter

Tida fram til jul i førsteklasse brukar vi mykje til å få på plass nye rutinar og det å omgå andre og nye born.

Tryggleik gjev læring og trivsel!

## Fokus på leik

Leik er ein svært viktig del av skulekvardagen til borna. Vi leikar mykje kvar dag, både inne og ute. Vi legg vekt på at dei yngste borna har behov for å lære gjennom leik og utforsking.



*“Alle barn har gnist i seg. Alt vi trenger er å tenne den.”  
- Roald Dahl*

# **SKULEÅRET OG SKULEDAGEN**

Elevane skal i løpet av eit skuleår ha 190 dagar undervisning. Oversikt over ferie- og fridagar finn dei i skuleruta. Skuleruta ligg på Sunnfjord kommune si nettside. hjemmeside.

Skulestart: Kl. 08.40 kvar dag. 1. klasse slutter 14:10 mandag, tysdag og torsdag. Onsdag 12:35 og fredag 12:20.

De får utdelt ein timeplan når elevane startar på skulen. Elevar som har behov for tilsyn utover dette, kan benytte SFO på morgen og ettermiddag.

## **SFO**

Åpningstider: kl 07.00-16.30 på skuledagar. Dette er et tilbod for elever på 1.-4.trinn. Påmelding til SFO gjer de elektronisk i Visma.

I skuleferiar får elevar frå Sunde skule tilbod om SFO på Flatene skule.

## **PERMISJON**

Ved søknad om permisjon frå undervisning skal de søke i Visma. Rektor kan innvilge permisjon inntil 2 veker (10 skuledagar). Søk i god tid. Kortare fråvær som for eksempel lege- eller tannlegetimer, eller fri inntil 2 dagar er det kontaktlærar som avgjer.

## **RÅD FOR Å MØTE**

### **SKULEKVARDAGEN**

Når bornet startar på skulen møter dei ein veldig annleis kvardag enn det dei kjenner til i frå barnehagen. Borna må i større grad ta ansvar for eigne oppgåver. Å byrje på skulen kan vere utrygt for nokre born. Som foreldre er det difor vitkig å vere merksam på dette og gjere tiltak i forkant.

1

### **KVA BØR DEI KUNNE**

- Dei må lære å gå på do på eigahand.
- Kle av og på seg sjølv.
- Pakke sekken, ete matpakke og andre praktiske ting.
- Kan dei ikkje knyte sko, må dei ha sko utan skolisser.

*Å føle meistring gjev tryggleik!*

2

### **TRYGGLEIK**

Dersom foreldre opplever at bornet ikkje trivast eller er utrygg på skulen, må de så raskt som mogleg ta dette opp med læraren. Viktig at vi tek tak i slike ting med ein gang det oppstår. Det er ikkje alltid det er så mykje som skal til. Gjer bornet trygg på at skulen er ein god stad å vere.

3

### **FORVENTINGAR**

Ha realistiske forventingar. Sjølv om at vi har fokus på mykje leik i 1. klasse, er det lurt å førebu borna på at ikkje alt er like morosamt. Nokre born kan lese når dei byrjar, andre må bruke lengre tid. Det å lære er arbeid som krev innsats.

# VEDTEKE AV FAU PÅ SUNDE SKULE

## HJARTESONE



FAU vil at elevane på Sunde skule skal ha ein trygg skuleveg.

Du kan sleppe av  
av/plukke opp  
barnet ditt der  
du ser dette  
skiltet, men du  
kan du skal ikkje  
forlate bilen.

Bruk parkeringsplassen om du skal forlate bilen. Parker med fronten ut og bilen skal aldri forlatast på tomgang.

Vær spesielt merksam i krysset  
frå E39 og sjå deg godt for når  
du kører der.

Barna skal bruke refleks

Sykling er ikkje anbefalt før  
våren på 4. steg, alle må bruke  
hjelm.

Vi skal ha ein bilfri skuleplass.



## KLASSEAKTIVITET

Det skal det vere to sosiale samlingar for elevar og foreldre, eit på hausten og eit på våren. Klassekontakt har ansvar for å arrangere desse.

## BURSDAGAR

Skal det arrangerast bursdag skal enten heile klassa bli invitert eller alle jentene/gutane. Det er mogleg å leige gymsal til bursdagar.

Foreldra blir på foreldremøtet  
einige om prisnivå på  
bursdagsgave.

## VENNEGGRUPPER

I 1. klasse blir elevane satt i vennegruppe på rundt 4 elevare kvar gruppe. Kontaktlærar opprettar gruppene. Denne gruppa skal besøke kvarandre gang i året. Det er foreldra sitt ansvar å organisere besøk.

## NETTVETT

Foreldra utarbeidar på  
foreldremøte felles  
reglar/haldninga for nett-og  
mobilbruk. Respekter  
aldersgrenser.

# Sunde skule sitt verdigrunnlag

## På same lag

Alle elevar er forskjellige og lærer på forskjellige måtar og i ulikt tempo.

Alle elevar skal oppleve meistring.

Alle elevar skal oppleve å vere ein del av fellesskapet.

Alle elevar skal oppleve å bli involvert i saker som vedkjem dei



# Sunde skule

*På same lag*

## Læring

Elevane skal:

- Ha ei oppleving av å lukkast.
- Oppleve at skulen er meiningsfull.
- Delta i planlegging og vurdering av eige arbeid, samt reflektere over eiga læring og utvikling.
- Utvikle evne til refleksjon og kreativ og kritisk tenking.
- Kunne samarbeide og bidra aktivt til eigen og andre si læring.

## Trivsel

Elevane skal:

- Oppleve å føle seg inkludert i felleskapet
- Bli sett, hørt og snakka med.
- Ha medverknad på eigen skuledag.
- Ta medansvar for eigen og andre sin trivsel.
- Oppleve tydelege vaksne med positiv forventning til dei.

*Ansvaret*

*Omsorg*

*Respekt*

## KONTAKTINFORMASJON

Sunde skule : tlf. 57828730

SFO: tlf. 45975238

Rektor : Anne Kristin Finsveen Midtbø tlf. 95743593

[Anne.Kristin.Finsveen.Midtbo@sunnfjord.kommune.no](mailto:Anne.Kristin.Finsveen.Midtbo@sunnfjord.kommune.no)

[Heimeside:sunnfjord.kommune.no](http://Heimeside:sunnfjord.kommune.no)

Facebook : Sunde skule (Sunnfjord kommune)